



Skjerm bilde:
imf.no/erik

Guds B- vitaminer

Apg 2:42 «Dei heldt urikkande fast ved læra åt apostlane og ved samfunnet, ved brødsbrytinga og ved bønene».



Guds B-
vitaminer

Mosby 19.01.2017

Brødsbrytinga
/ nattverden



1.Kor 11:17-34

17 Men når eg gjev dykk desse påboda, kan eg ikkje rosa at de kjem saman til skade, og ikkje til gagn.

18 For det fyrste høyrer eg at det er usemje mellom dykk når de kjem saman som kyrkjelyd, og for ein del trur eg det.

19 For det må vera parti hjå dykk, slik at dei ekte kan verta openberre mellom dykk.

20 Når de så kjem saman, då er det ikkje Herrens nattverd de et.

21 For når de et, sit kvar med sin eigen mat, éin sit svolten, og ein annan er drukken.

22 Har de då ikkje hus, der de kan eta og drikka? Eller foraktar de Guds kyrkjelyd og vanærar dei som ikkje har noko? Kva skal eg seia til dykk? Skal eg rosa dykk? For dette rosar eg dykk ikkje!

23 For eg har fått frå Herren det som eg óg har gjeve over til dykk, at Herren

Jesus, den natta då han vart sviken, tok eit brød,

24 takka, braut det og sa: Dette er min lekam, som er for dykk. Gjer dette til

minne om meg!

25 Like eins tok han kalken etter kveldsmåltidet og sa: Denne kalken er den nye pakt i mitt blod. Gjer dette, så ofte som de drikk av han, til minne om meg!

26 For så ofte som de et dette brødet og drikk denne kalken, forkynner de Herrens død, til dess han kjem.

27 Difor, den som et brødet eller drikk Herrens kalk på uverdige vis, vert skuldig i Herrens lekam og blod.

28 Lat kvart menneske prøva seg sjølv, og så eta av brødet og drikk av kalken.

29 For den som et og drikk, han et og drikk seg sjølv til doms dersom han ikkje aktar på Herrens lekam.

30 Difor er det mange veike og sjuke mellom dykk, og ikkje få som sovnar inn.

31 Men dersom vi dømde oss sjølve, vart vi ikkje dømde.

32 Men når vi vert dømde, då er det Herren som refsar oss, så vi ikkje skal verta fordømde saman med verda.

33 Difor, mine brør, når de kjem saman for å halda måltid, så vent på kvarandre!

34 Om einkvan er svolten, får han eta heime, så de ikkje skal koma saman til dom! Det andre vil eg gje føresegner om når eg kjem.

1. Eit samfunnsmåltid: «Når de så kjem saman»

Handbok for Bedehuset seier om dette: *«Nattverden er for dem som vil møte Jesus som sin frelser. Det er ikke styrken i troen eller viljen som er avgjørende. Jesus ser til hjertet som søker Ham. Ordet uverdigg står i sammenheng med måten en eter på, hvis den som eter ikke skiller mellom den mat Jesus er for gudslivet og annen mat for magen. I forbindelse med nattverden er det også naturlig å formane de troende til å leve i bekjennelse av sin synd og et oppgjort liv med Gud og sin neste.»*

2. Eit minnemåltid: «Gjer dette til minne om meg!»

- Josef sine ord til munnskjenken: «Gjev du ville koma meg i hug når det går deg godt!» **(1.Mos.40:14)**.
- Likevel sluttar 1.Mos. 40 slik: «Det gjekk slik Josef hadde tydd draumane for dei. Men overmunnskjenken hugsa ikkje på Josef; han gløymde han.»
- To år seinare: «I dag kom eg til å tenkje på syndene mine» **(1.Mos.41:9)**.
- **Joh.Op.3:20** vert ofte brukt i innbyding til frelse: «Sjå, eg står for døra og bankar. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda nattverd med han, og han med meg.» Men dette er ord til Guds forsamling!

2. Eit minnemåltid: «Gjer dette til minne om meg!»

- **Sjå framover på vegen:** «Eg gløymer det som ligg bak, og strekkjer meg mot det som er framanfor, og jagar fram mot målet, mot den sigersprisen som Gud frå det høge har kalla oss til i Kristus Jesus.» **(Fil.3:13-14)**
- **Kikk i speilet bak av og til:** «Kom i hug at de den gongen var utan Kristus, utestengde frå borgarrett i Israel, framande for paktene og lovnaden, ja, utan håp og utan Gud i verda. Men no, i Kristus Jesus, er de som før var langt borte, komne nær på grunn av Kristi blod.» **(Ef.3:12-13).**

3. Dette er Jesu lekam. Dette er Jesu blod.

- **Handbok for Bedehuset seier:** *«Nattverden er et sakrament. Det betyr at måltidet er innstiftet av Jesus, og at Gud gjennom synlige midler gir oss sin usynlige nåde. Vi mottar Jesu legeme og blod under skikkelse av brød og vin».*
- «Medan dei heldt måltid, tok han eit brød, takka og braut det, gav dei og sa: «Ta imot, dette er min kropp.» Og han tok eit beger, takka og gav dei, og dei drakk alle av det. Og han sa til dei: «Dette er mitt blod, paktblodet, som blir utrent for mange» **(Mark 14:22-24).**

4. Forkynning: «For så ofte som de et dette brødet og drikk denne kalken, forkynner de Herrens død, til dess han kjem».

Efeserbrevet 6:12 «For vår strid er ikkje mot kjøt og blod, men mot makter og herredøme, mot verdsens herskarar i dette mørkret, mot ondskapens åndehær i himmelrommet.»